

Referat, Foreldremøte 2.klasse Manger skule.

18.09.17

Jodis ynskjer velkommen og startar med å fortelle at Leander har slutta i klassen fordi han har flytta til Åsane. Det har begynt ein ny gutt i klassen, han heiter Fredrik. Han har fått mange gode venner i klassen allerede.

- 1) Naturfag timene vert lagt til utedagen som vert Onsdag annakvar veke.
- 2) Minner om at vekeplanen vert lagt ut på Radøy kommune sine nettsider. Mål for veka står på baksida på vekeplan. Det er mykje barna skal kunne etter endt 2. trinn. Kompetansemål etter 2.trinn står på Utdanningsdirektoratet.no
- 3) Jodis oppfordra foreldre til å oppmuntre barna til leselæring og matematikk læring. Anbefaler ei nettside som heter foreldre utvalg grunnskulen, FUG.no Mykje gode tips.

Lesing

Foreldre kan gi leseglede! Det finst mange måtar å gjere det på:

- Vi kan lese eller lytte til bøker.
- Vi kan bla og lese i teikneseriar
- Vi kan snakke saman.
- Vi kan fortelje kvarandre historier, vitsar og gåter.
- Vi kan leike med språk og bokstavar.
- Vi kan vise barna våre at lesing er ein aktivitet som er til glede og nytte, og at det er både gøy, spennande og fint å lese saman.

Matematikk

Uansett kva erfaring vi sjølve har med matematikk, kan vi gjere mykje for å hjelpe barna i skulearbeidet.

- Vi kan støtte og oppmuntre dei og dermed vise at matematikk er eit viktig fag.
 - Vi kan "jakte på matematikk" i kvardagen.
 - Vi kan hjelpe til med leksene.
 - Vi kan spele spel, leike eller liknande.
 - Vi kan be barna fortelje kva dei har lært, og forklare oss vaksne kva aktuelle omgrep betyr.
- 4) Birgitte Bruget er ny lærer i klasen. Ho skal undervise i matematikk i 2.klasse.
 - 5) Tiltaksplan ved skulefravær. Alt fravær skal registreres i Visma. Les mer i brosjyre som kom heim med sekken man 25.10.
 - 6) Gymsalen er pussa opp og dei nye garderobene er tatt i bruk. Til gymtimen er det lurt å ha innesko evt. anti skli sokker. Det er mulighet for å dusje etter gymtimen for de som ynskjer dette. Svømming vert annakvar mandag for heile klassen.

Klassekontakter 2017/2018: Lene Lunde Tangen og May Britt Tjore Hermansen
Varamedlemmer: Torill Myrtveit Fjeld og Janne Merethe Solbakken Risnes.

Det var satt opp knapp tid til foreldremøte. Me fekk ikkje anledning til å snakke om:

- Klassekasse
- Spelekveld/aktivitetskveld

Referat skrevet av Lene Tangen.